Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Rennesøy

Emne: Maaltider og mat. | Bygdelag: Sörbö

Oppskr. av: Haakon Galta | Gard: Galta

(adresse): Sörbö | G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigen röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

83 aar gamal. Galta. Kaarmand

SVAR

1 Dei hadde 4 maaltider um dagen i gamal tid som dei har enno, og det var ligt baae sumar og vinter.

2 Namn paa maaltiarne var Morgonsmat eller "aabetin" so var det "Dorn eller darmaal etter Kom "Non" og so Kveldsmat. Tiderne dei heldne var Kl. 7 Kl. 11 Kl 16 og Kveldsmat Kl. 19

3 Det var de same tider baae sommer og vintertid

4 Ein hadde ofta ekstramaal ved visse slags arbeid som treskning, slakting og annet.

5 Dorn var hovedmaaltid baae summer og vinter

6 Det var altid varme retter til dorn og til Kveldsmat.

7 Dei hadde visse matsorter til visse dager. Kjöt söndag og fisk mandag. torsdag var det Kumle og laurdag var det sild

8 Dei brukte gjerna meir fisk um summeren da dei er meir ute og fiska og nytta fisken fersk

9 Det var helst annankvar dag med Kjöd og fisk eller sild. Kanskje meir fisk end Kjöt

9413

10 Dei bruka altid flatbrád baae til dorn og til kveldmaten. Til spekjeflesk paste det godt

11 Matsedel for i vika ser solis ut. Söndag morgon kaffi og potetkakka og gjerne lit kjöpe=brád -midag kjöt poter kadikaal gulröder i kjötsuppa. Non kaffi og kaka. Kvelds mat var det graut og lit rester fraa midagen.
Mandag var det fisk og poteter og mjölkesuppe tirsdag var det gjerne kjötmat. igjen
Onsdag fisk eller sild med vassupe eller mjölke=suppe Torsdag var det kumle med kjöd eller flesk
Fredag var det fisk med vassuppe eller mjölkesuppe
Laurdag var det sild eller brisling spekemat og ein kvarslags suppa til
Der var ingen vesentlig forskjel paa summer og vinter.

12 Der er ingen sammenligning paa matsede=len fra ~~de~~ gamle tider og i dag.

13
Me kjennar ikkje nokon rett som er fram for andre og kan kallast nasjonalrett,

14 Makrell og kylling har vert brukt mykkji i vor bygd, især makell har her vert brukt mykje av alle tidar. Kyllingen er no kamne til siinare.

15 Under krigen var nok matstellet blit forandret baae for rig og fattig; men daa me igjen fik ormede forholde var det snart som ~~i ga~~ för krigen kanskje enda flottere.
Bruk av sapp, nyper og kaffetilsetning blir aldrig brukt, man kjöper kaffi kor dyr den no end er.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 9413